



## Møteprotokoll for Eldreråd

**Møtedato:** 07.02.2022  
**Møtestad:** Alver rådhus - kantina  
**Møtetid:** 12:00 - 17:10

Det var felles orienteringsmøte for ER/RMNF i kantina i Nordhordlandshallen kl. 12.00. Deretter gjekk råda kvart til sitt for handsaming av vedtakssaker.

Frammøtte medlemmer	Parti	Rolle
Kirsti Gjetle Floen	AP	Medlem
Olav Magnus Steinsland		Utvalsleiar
Torhild Skage Syslak		Medlem
Jostein Dale		Nestleiar
Reidun Taule		Medlem
Sigurd Knudsen		Medlem
Randi Iden		Medlem

Forfall meldt frå medlem:	Parti	Rolle
Mabel Johansen	H	Medlem
Einar Lygre		Medlem

Frammøtte varamedlemmer:	Parti	Erstatter medlem
Nina Stabell Øvreås	FRP	Mabel Johansen-H
Magne Rifsgård		Einar Lygre

### Følgjande frå administrasjonen møtte:

Line Thuen Waage-samfunnsplanleggar, Eirik B. Utne-tenesteleiar kultur, Helge Kvam-fagansvarleg i Fagutvikling stab helse og omsorg, Kaia Marie Amdal-rådgjevar plan og analyse, Merethe Tvedt-rådgjevar planforvaltning, Lennart Falkenberg-Arell-rådgjevar planforvaltning, Pia Syversen-rådgjevar i Fagutvikling stab helse og omsorg, Hege Aagaard-Nilsen-rådgjevar i Fagutvikling stab helse og omsorg, Bente Fjeldstad Helland-tenesteleiar heimeteneste, Arthur Kleiveland-møtesekretær

Daglege leiarar i Frivilligsentralane på Frekhaug, Manger og Knarvik, Nina Randal, Birte Kråkenes Bjørstad og Per Ole Ekker orienterte om Frivilligåret 2022.

Susanne Gjelsvik-avdelingsleiar NAV Alver og Mary Jorunn Seljevoll-avdelingsleiar bustadkontoret orienterte om støtteordningar for sårbare grupper i ein situasjon med høge straumprisar.

## Sakliste

Saknr	Tittel
001/22	Godkjenning av innkalling og sakliste
002/22	Godkjenning av møteprotokoll
003/22	1 gongs handsaming - Offentleg ettersyn & høyring - Områdereguleringsplan for Langelandskogen
004/22	Detaljreguleringsplan for Kvassnesbakken, gbnr 188/701 m.fl. - PlanID 1263-201904 - Offentleg ettersyn 1. gongshandsaming
005/22	Årsmelding for Eldrerådet i Alver 2021
006/22	Til uttale - kommuneplanen sin samfunnsdel 2022-2034
007/22	Meldingar til eldrerådet 07.02.2022
008/22	Plansak Kommunedelplan for kultur, idrett og friluftsliv - Alver kommune - Framlegg til vedtak om høyring og offentleg ettersyn, planprogram

## **001/22: Godkjenning av innkalling og saksliste**

Innkalling og saksliste vert godkjent.

### **Eldreråd 07.02.2022:**

#### **Behandling:**

Eldrerådet godkjenner innkalling og saksliste.

#### **ER- 001/22 Vedtak:**

Innkalling og saksliste vert godkjent.

## **002/22: Godkjenning av møteprotokoll**

Møteprotokollen vert godkjent.

### **Eldreråd 07.02.2022:**

#### **Behandling:**

Eldrerådet godkjenner møteprotokoll for 29. november.

#### **ER- 002/22 Vedtak:**

Møteprotokollen vert godkjent.

## **003/22: 1 gongs handsaming - Offentleg ettersyn & høyring - Områdereguleringsplan for Langelandskogen**

### **Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**

*«I medhald av plan- og bygningslova § 12-11, og i høve delegert mynde, legg Utval for areal, plan og miljø følgjande forslag til områdereguleringsplan ut til offentleg ettersyn: Langelandskogen. PlanID 125620170004, vist på plankart sist datert 15.11.2021 , med tilhøyrande føresegner datert 15.10.2021».*

## **Utval for areal, plan og miljø 08.12.2021:**

### **Behandling:**

Kristin Nåmdal-leiar Plan og analyse og Torunn Åsheim-Multiconsult orienterte og svarte på spørsmål frå utvalet.

### **Framlegg frå Sveinung Toff-V:**

Utval for areal, plan og miljø legg reguleringsplanen for Langelandskogen ut til offentleg ettersyn i medhald av plan- og bygningslova sin § 12-11 på vilkår av at punkt 4.1.2 i føresegnene knytt til område for offentleg eller privat tenesteyting (BOP 1) vert endra til følgjande ordlyd:

#### 4.1.2 Offentleg eller privat tenesteyting (BOP )

a. Innanfor området BOP1 vert det tillate utbygging av fleirbrukshall, forsamlingslokale (t.d. kyrkje, kulturhus), omsorgsbustader og andre føremål som er publikumsretta. Det skal ikkje byggjast skule eller barnehage i dette området. I BOP 2 kan det byggjast barnehage, forsamlingslokale (t.d. kyrkje, kulturhus, omsorgsbustader).

Framlegget fekk 2 røyster og fall (Sveinung Toff-V, Ståle Hopland-Uavh)

Rådmannen sitt framlegg vart vedteke med 7 røyster (Heine Fyllingsnes-H, Ingrid Fjeldsbø-H, Kenneth Murberg-H, Leif Taule-Sp, Anne Grete Eide-Ap, Jon Vidar Sakseide-Krf, Jogeir Romarheim-Krf)

### **APM- 173/21 Vedtak:**

«I medhald av plan- og bygningslova § 12-11, og i høve delegert mynde, legg Utval for areal, plan og miljø følgjande forslag til områdereguleringsplan ut til offentleg ettersyn: Langelandskogen. PlanID 125620170004, vist på plankart sist datert 15.11.2021 , med tilhøyrande føresegner datert 15.10.2021».

## **Eldreråd 07.02.2022:**

### **Behandling:**

Eldrerådet slutta seg samrøystes til rådmannen sitt framlegg til vedtak.

### **ER- 003/22 Vedtak:**

Eldrerådet gjev følgjande uttale:

Eldrerådet sluttar seg til rådmannen sitt framlegg til vedtak.

## **Ungdomsråd 07.02.2022:**

### **Behandling:**

Orientering i saka v/Kaia Marie Amland

### **UR- 007/22 Vedtak:**

Ungdomsrådet tek saka til orientering.

## **004/22: Detaljreguleringsplan for Kvassnesbakken, gbnr 188/701 m.fl. - PlanID 1263-201904 - Offentleg ettersyn 1. gongshandsaming**

### **RÅDMANNEN SITT FRAMLEGG TIL VEDTAK:**

*«I medhald av plan- og bygningslova § 12-11, og i høve delegert mynde, legg Utval for areal, plan og miljø følgjande forslag til reguleringsplan ut til offentleg ettersyn:*

*Detaljreguleringsplan for Kvassnesbakken gbnr. 188, bnr. 701 mfl. Planid. 1263 201904, vist på plankart sist datert 22.11.21, med tilhøyrande føresegnar datert 25.11.21.*

*Før innsending av planframlegg til 2. gongshandsaming skal: Parkeringsarealet takast ut av arealutrekninga, og %BRA redigerast etter dette. Det må også tas inn ei føresegn om at parkeringsareal under bakken ikkje skal reknast med i grunnlaget for utrekning av grad av utnytting.*

*Føresegn som sikrar at 3 parkeringsplassar blir merka gjesteparkeringar til planområdet.*

*Nokre mindre justeringar knytt til rekkefølgekrav i reguleringsføresegnene, som sikrar vidareføring av områdeplanen sine rekkefølgekrav».*

### **Utval for areal, plan og miljø 08.12.2021:**

#### **Behandling:**

Rådmannen sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

#### **APM- 174/21 Vedtak:**

*«I medhald av plan- og bygningslova § 12-11, og i høve delegert mynde, legg Utval for areal, plan og miljø følgjande forslag til reguleringsplan ut til offentleg ettersyn:*

*Detaljreguleringsplan for Kvassnesbakken gbnr. 188, bnr. 701 mfl. Planid. 1263 201904, vist på plankart sist datert 22.11.21, med tilhøyrande føresegnar datert 25.11.21.*

*Før innsending av planframlegg til 2. gongshandsaming skal: Parkeringsarealet takast ut av arealutrekninga, og %BRA redigerast etter dette. Det må også tas inn ei føresegn om at parkeringsareal under bakken ikkje skal reknast med i grunnlaget for utrekning av grad av utnytting.*

*Føresegn som sikrar at 3 parkeringsplassar blir merka gjesteparkeringar til planområdet*

*Nokre mindre justeringar knytt til rekkefølgekrav i reguleringsføresegnene, som sikrar vidareføring av områdeplanen sine rekkefølgekrav».*

### **Eldreråd 07.02.2022:**

#### **Behandling:**

Det vart sett fram følgjande framlegg til uttale:  
Eldrerådet sluttar seg til rådmannen sitt framlegg med følgjande tillegg:  
Eldrerådet ser positivt på at over 80 prosent av husværa er planlagt bygt med universell tilkomst, men skulle gjerne sett at alle bueiningane får universell tilkomst.

Eldrerådet vedtok samrøystes framlegg til uttale sett fram i møtet.

#### **ER- 004/22 Vedtak:**

Eldrerådet kjem med følgjande uttale i saka:  
Eldrerådet sluttar seg til rådmannen sitt framlegg med følgjande tillegg:  
Eldrerådet ser positivt på at over 80 prosent av husværa er planlagt bygt med universell tilkomst, men skulle gjerne sett at alle bueiningane får universell tilkomst.

#### **Ungdomsråd 07.02.2022:**

##### **Behandling:**

Orientering i saka v/Merethe Tvedt

#### **UR- 004/22 Vedtak:**

Ungdomsrådet tek saka til orientering.

### **005/22: Årsmelding for Eldrerådet i Alver 2021**

#### **Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**

Årsmeldinga for Eldrerådet for 2021 vert teken til orientering.

#### **Eldreråd 07.02.2022:**

##### **Behandling:**

Eldrerådet slutta seg samrøystes til rådmannen sitt framlegg til vedtak.

#### **ER- 005/22 Vedtak:**

Eldrerådet kjem med følgjande innstilling:  
Årsmeldinga for Eldrerådet for 2021 vert teken til orientering.

### **006/22: Til uttale - kommuneplanen sin samfunnsdel 2022-2034**

## **Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**

### **Eldreråd 07.02.2022:**

#### **Behandling:**

Kirsti Gjetle Floen sette fram følgjande tilleggsframlegg:

*Frvillighetssentralene skal vera desentralisert slik dei er i dag - med sentralar i Knarvik, på Manger og Frekhaug.*

Jostein Dale sette fram følgjande tilleggsframlegg:

*Austmarka vert teke med som nærsenter.*

Olav M. Steinsland sette fram følgjande tilleggsframlegg:

*Under "Prinsipp for bustadutvikling" bør omsynet til aldersvenleg lokalsamfunn leggast stor vekt på, og kvalitetskrav til bustad- og sentrumsområde må koma tydelegare fram.*

*Eldrerådet vedtok samrøystes framlegga sett fram i møtet.*

Eldrerådet sluttar seg til hovudtrekka i kommuneplanen sin samfunnsdel, med tilleggsframlegg i møtet.

#### **ER- 006/22 Vedtak:**

Eldrerådet kjem med følgjande uttale til kommuneplanen sin samfunnsdel:

Eldrerådet sluttar seg til hovudtrekka i kommuneplanen sin samfunnsdel, med følgjande tillegg:

- Frvillighetssentralene skal vera desentralisert slik dei er i dag - med sentralar i Knarvik, på Manger og Frekhaug.
- Austmarka vert teke med som nærsenter.
- Under "Prinsipp for bustadutvikling" bør omsynet til aldersvenleg lokalsamfunn leggast stor vekt på, og kvalitetskrav til bustad- og sentrumsområde må koma tydelegare fram.

### **Ungdomsråd 07.02.2022:**

#### **Behandling:**

Orienterig i saka v/Line Thuen Waage

#### **UR- 005/22 Vedtak:**

Ungdomsrådet tek saka til orietering og kjem tilbake med innspel i samband med dialogmøtet 8.2.

## **007/22: Meldingar til eldrerådet 07.02.2022**

#### **Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**

Meldingar vert tekne til orientering.

## **Eldreråd 07.02.2022:**

### **Behandling:**

### **Saksopplysningar:**

Det vart lagt fram følgjande meldingar og orienteringar:

- Line Thuen Waage-samfunnsplanleggjar presenterte samfunnsdelen i kommuneplanen og svara på spørsmål

- Maia Marie Amdal-rådgjevar plan og analyse orienterte om Områdereguleringsplan for Langlandskogen – 1. gongs handsaming - Offentleg ettersyn og høyring

- Maia Maria Amdal-rådgjevar plan og analyse orienterte om kommunedelplan for idrett kultur og friluftsliv på Teams

- Merethe Tvedt-rådgjevar planforvaltning orienterte om Detaljreguleringsplan for Kvassnesbakken, gbnr 188/701 m.fl. – offentlig ettersyn – 1. gongs handsaming

- Pia Syversen-rådgjevar i Fagutvikling stab helse og omsorg/Hege Aagaard-Nilsen-rådgjevar i Fagutvikling stab helse og omsorg, orienterte om rekruttering og oppfølging av lærlingar helse og omsorg

- Helge Kvam-fagansvarleg i Fagutvikling stab helse og omsorg orienterte om Prosjekt leiing, kvalitetsforbetring og ressurseffektiv drift

- Nina Randal-leiar Frivilligsentralen på Frekhaug, Birte Kråkenes Bjørstad-leiar Frivilligsentralen på Manger og Per Ole Ekker-leiar Frivilligsentralen i Knarvik orienterte om Frivilligåret 2022.

- Benthe Fjeldstad Helland-tenesteleiar heimeteneste orienterte om bruk av tilskot frå statsforvaltaren til aktivitetar og støtte innan eldre og omsorg i korona-pandemien.

- Susanne Gjelsvik-avdelingsleiar NAV Alver og Mary Jorunn Seljevoll-avdelingsleiar bustadkontoret orienterte om støtteordningar for sårbare grupper i ein situasjon med høge straumprisar.

Orientering om planstrategi er utsett til neste møte i eldrerådet.

Meldingane/orienteringane på dei seks første strekpunkta vart gjeve i felles orienteringsmøte for ER/RMNF.

Eldrerådet tok meldingane til orientering.

### **ER- 007/22 Vedtak:**

Meldingar vert tekne til orientering.

## **008/22: Plansak Kommunedelplan for kultur, idrett og friluftsliv - Alver kommune - Framlegg til vedtak om høyring og offentlig ettersyn, planprogram**



**Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**

Rådmannen rår til at framlegg til planprogram blir lagt ut slik det ligg føre.

**Utval for oppvekst, kunnskap og kultur 09.12.2021:****Behandling:**

Kaia Marie Amland-rådgjevar Plan og analyse orienterte og svarte på spørsmål frå utvalet.

Rådmannen sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

**OKK- 076/21 Vedtak:**

Rådmannen rår til at framlegg til planprogram blir lagt ut slik det ligg føre.

**Eldreråd 07.02.2022:****Behandling:**

Eldrerådet slutta seg samrøystes til rådmannen sitt framlegg.

**ER- 008/22 Vedtak:**

Eldrerådet sluttar seg til rådmannen sitt framlegg til vedtak.

**Ungdomsråd 07.02.2022:****Behandling:**

Orientering i saka v/Kaia Marie Amland

**UR- 006/22 Vedtak:**

Ungdomsrådet støttar rådmannen sitt framlegg til vedtak.